




**Kviteseid kommune**

Arkiv: F47  
 Saksmappe: 2012/389-9  
 Sakshand.: Hans Bakke  
 Dato: 02.11.2012

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	84/12	08.11.2012

**Høyringsvar: Framlegg til endringar i Barnevernslova**
**Vedlegg:**

- 1 Høyringsbrev med internett adresse til utfyllande dokumentasjon
- 2 Saksframstilling

**Faktiske tilhøve:**

Dette høyringssvaret vert gjeve av Kviteseid kommune som vertskommune for barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark. Svaret vert såleis også gjeve på vegne av kommunane; Seljord, Nissdal, Fyresdal, Tokke og Vinje. Saksutgreiing og vedtak utgjer eit samla svar på høyringa.

Bakgrunn

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i Barnevernslova. Frist for å gje høyringsvar er sett til 12.11.2012.

Departementet har i del 2 konsentrert seg om følgjande områder:

- Endringer i finansieringsordningen i barnevernet
- Presiseringer i ansvarsfordelingen mellom stat og kommune ved løsningen av enkeltsaker
- Styrke statens generelle faglige rolle overfor kommunene
- Økt fokus på dialogen mellom stat og kommune

**Vurdering:**
***Endring i finansieringsordning i barnevernet.***

Departementet foreslår å auke den kommunale eigendelen for institusjonsplassar. Dei nevner ei tre-dobling (altså egenandel på rundt 1,2 mill per barn i året).

Kviteseid kommune meiner at Bufetat bør ha ansvar for institusjonstilbodet. Staten bør fortsatt betale størsteparten av utgiftene ved drift av institusjonar. I høyringsutkastet blir det hevda at finansieringsordninga bør utformast med utgangspunkt i at :”Barnevernfaglige hensyn skal dominere tiltaksvalget. For å få dette til bør de økonomiske insentivene for kommunene ikke være for sterke”. Vi er einige i at barnevernfaglege hensyn skal dominere tiltaksvalget og meiner at dette også i dag styrer kommunane sitt tiltaksvalg.

Kommunane forventar at Bufetat har eit variert institusjonstilbod. Institusjonstilbod blir valgt når vi ikkje har andre alternativ. Plassering i institusjon medfører vanlegvis plassering utanfor kommunen. Ikkje minst gjeld det for slike små kommunar som i vår region, Vest-Telemark. Dette kan vera ei belastning for barnet, det er tidkrevjande og det krev meir personellressursar frå kommunen. I høyringsutkastet blir det halde fram at ein forventar at bruk av institusjon vil gå ned dersom kommunane sin eigendel går opp. Vi syns det er urimeleg at Departementet i høyringa tillegg det kommunale barnevernet eit motiv om at ein vel plassering i institusjon fordi dette er mest lettvinnt og at det skal vera behov for å auke kommunane sin eigendel for å få ned bruken av institusjonsplassar. Vi har merka oss at med dei eigendelane som er no, har bruken av institusjonsplassar likevel gått ned kvart år sidan 2007.

Ei dobling eller tredobling av kommunen sin betaling for institusjonsopphald frå kr 400 000 pr.år til kr 1,2 mill vil få store konsekvensar for budsjetta i små kommunar og gjera kommunane sårbare for store svingningar. Sjølv kr 400 000 er høge kostnader for våre kommunar og krev ein stor del av kommunane sine tiltaksbudsjett. Alternativt vil det kunne få dramatiske konsekvensar for andre tenester som følgje av innsparingar som må takast inn på andre område.

I høyringa blir det hevda at ein forventar at kostnadsveksten i barnevernet vil bli mindre. Det er vanskeleg å sjå føre seg at auka eigendel for kommunane vil føre til lågare kostnadsvekst i det kommunale barnevernet. Ein må derimot forvente reduksjon i kostnadsveksten i Bufetat ved at dei skuvar kostnadane over på kommunane. Vi kan ikkje sjå at auke i kommunane sin eigendel legg meir til rette for gode beslutningar og effektiv ressursbruk. Men ein kan heller ikkje sjå bort ifrå at dersom kommunane sin eigendel vert betydeleg auka kan det statlege barnevernet måtte tilpasse tilbodet sitt meir til kommunane sitt behov enn i dag fordi differansen mellom statlege og andre private tiltak blir mindre.

Departementet vil og vurdere nivået for kommunens eigendel for fosterheimar og meiner desse bør fylgje same prinsipp som for berekning av eigendel ved institusjonsopphald.

Når det gjeld ordninga med forsterka fosterheim der kommunen har ansvar for å vurdere behovet, gjera avtale med fosterheimen, og deretter søker om refusjon frå Bufetat for dei kostnadane som overstig kommunen sin eigendel, meiner vi denne ordninga bør avviklast. Slik det er i dag besluttar Bufetat kva kostnadar dei refunderer. Dette er ei uforutsigbar ordning for kommunane. Vi meiner denne beslutninga bør ligge til kommunane som er ansvarleg for tiltaket. Ordninga er og unødvendig byråkratisk og medfører betydelege ressursar til administrasjon både i stat og kommune. Summen Bufetat har til disposisjon til forsterkningstiltak samt utgifter som går med til administrasjon av ordninga bør overførast til kommunane.

Departementet vil og vurdere nivået for kommunens eigendel statlege hjelpetiltak og meiner desse bør fylgje same prinsipp som for berekning av eigendel ved institusjonsopphald.

Når det gjeld heimebaserte tiltak har vi som kommune nytte av enkelte av tiltaka som blir tilbydd. For vår del får vi FFT og PMTO. Tilbodet varierer etter kvar i landet ein bur. Tilbodet er styrt av kva Bufetat (Bufdir) til ei kvar tid finn det aktuelt å satse på. Dette treng ikkje vera i tråd med kommunane sitt behov for tiltak. Dette er og tiltak som både Bufetat og kommunane brukar ein del ressursar på å administrere. Ein vil truleg få meir tiltak for pengane dersom midlane Bufetat nyttar til tiltak og til å administrere tiltaka blir overført til kommunane. På den andre sida kan det bli ei utfordring for mange av dei mindre kommunane å skaffe denne kompetansen lokalt. Dersom Bufetat fortset å tilby desse tiltake, men til ein høgare pris for kommunane, kan dette opne for meir etterspørsel på private tiltak.

Dersom tiltak/oppgåver blir overført frå stat til kommune må dette føre til overføring av økonomiske ressursar. Med dei sterke føringar som ligg i lovverket på dette området er det naturleg at ressursar som blir overført frå staten til kommunane på dette området, vert overført som øyremerka midlar og ikkje rammeoverføringar.

#### **Samhandling mellom stat og kommune**

Departementet ønsker å slå fast at utredninger er eit kommunalt ansvar, og at Bufetat ikkje bør bistå kommunane. Vi opplevere heller ikkje i dag at Bufetat v/fagteam bistår våre kommunar med utredningar. Når det derimot er snakk om utredning ved opphald på institusjon meiner vi dette bør vera Bufetat si oppgåve både i høve til ungdom med adferdsvanskar og utredning i foreldre/barn institusjon.

Departementet foreslår at statlig barnevern får forskriftshjemmel til å pålegge kommunane å utrede barnet på ein betre måte. Det er vanskeleg for oss å forstå kva departementet vil oppnå med ein slik forskriftshjemmel utover å legitimere ei overprøving av kommunane sine vurderingar.

Departementet foreslår å endre statens faglege oppdrag overfor kommunane frå dagens operative rolle til ein generell fagleg rolle overfor kommunane. Det er positivt at staten får eit ansvar for å bidra til å få fram ny kunnskap og utvikle nye, kunnskapsbaserte tiltak i barnevernet samt å gje opplæring til kommunane i bruk av kartleggingsverktøy og utredningsmetodikk. Høyringa legg derimot opp til at det statlege barnevernet skal gje styringssignal på kva som er godt barnevernsarbeid i kommunane. Vi oppfattar dette som eit behov for staten til å detaljstyre kommunane si utøving av oppgåvene kommunane har etter lova. Vi meiner det må vera tilstrekkeleg at Helsetilsynet ved fylkesmannen fører tilsyn med det kommunale barnevernet for å sikre god saksbehandling i det kommunalt barnevernet. Det er vanskeleg å sjå at departementet sitt ynskje om å betre dialogen mellom statleg og kommunalt barnevern vert oppfylt ved auka styring og kontroll frå statleg hald.

#### **Rådmannen si tilråding:**

På vegne av kommunane i Vest-Telemark rår Kviteseid kommune frå at det blir gjort slike omfattande endringar i Barnevernslova som det er gjort framlegg om. Kommunestyret ser med uro på ei utvikling der staten overfører eit auka kommunalt

finansielt ansvar for tiltak som i sin natur er skiftande og lite føreseielege, både når det gjeld faglege og økonomiske ressursbehov.

Refusjonsordninga for forsterka fosterheimar bør avviklast og staten sine administrative og økonomiske ressursar til denne ordninga overførast til kommunane.

Kommunestyret er og uroa for at staten ytterlegare ynskjer å auka omfanget av tilsyn og detaljstyring av kommunesektoren.

For grunngjeving av vedtaket vurderingane som kjem fram i saksutgreiinga  
**Saksprotokoll i Kommunestyret - 08.11.2012**

**Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

På vegne av kommunane i Vest-Telemark rår Kviteseid kommune frå at det blir gjort slike omfattande endringar i Barnevernslova som det er gjort framlegg om. Kommunestyret ser med uro på ei utvikling der staten overfører eit auka kommunalt finansielt ansvar for tiltak som i sin natur er skiftande og lite føreseielege, både når det gjeld faglege og økonomiske ressursbehov.

Refusjonsordninga for forsterka fosterheimar bør avviklast og staten sine administrative og økonomiske ressursar til denne ordninga overførast til kommunane.

Kommunestyret er og uroa for at staten ytterlegare ynskjer å auka omfanget av tilsyn og detaljstyring av kommunesektoren.

For grunngjeving av vedtaket vurderingane som kjem fram i saksutgreiinga